

Prosjektbeskrivelse

I Nasjonal Bibliotekstrategi 2020-2023, «Rom for demokrati og danning», heiter det at «skolen og bibliotekene har et felles samfunnsoppdrag blant annet når det gjelder kunnskapsformidling, informasjonskompetanse, lesing og leseglede». Vi trur vegen til lesing skjer gjennom biblioteka, og vi vil difor satse på eit tett samarbeid mellom skulebiblioteka i kommunen og Folkebiblioteket.

Vi har kalt leseprosjektet for *“Ramsalt lesing: Øygarden på langs”*. “Ramsalt” er eit uttrykk som er henta frå Kystpasset til Sotra Øygarden turlag, som vi vil inngå eit samarbeid med, og vi vil prøve å kople to viktige komponenter for trivsel saman; *lesing* og *naturopplevingar*. Vi ser for oss at elevane skal lese seg gjennom kommunen frå nord til sør, der lesetid blir veksla inn i poeng klassen treng for neste oppdrag. Det vil vere mindre og større oppdrag knytt til leseprosjektet og opplegg for turar i nærmiljøet. Vi vil i samarbeid med Kystpasset lage dagstur-oppdrag og nytte oss av biblioteka som allereie er plassert i ulike dagsturhytter i kommunen.

Vi ønskjer å få til eit felles arrangement for alle 17 barneskulane på slutten av prosjektet, tilpassa dei ulike klassetrinna. Eit slikt leseprosjekt kan vere med på å skape ei fellesskapskjensle på tvers av kommunen, meir leselyst, betre lesarar og nyoppdaga natur. Vi ønskjer også å utvikle eit godt samarbeid med lærarane som sikrar at vi utfyller kvarandre i arbeidet for å gje det beste til elevane. Det er lagt vekt på samhandling på tvers av sektorar i utviklinga av ny kommune, og det er vedtatt av kommunen at det skal arbeidast for betre resultat på nasjonale prøver. Leseprosjektet vert drifta av folkebiblioteket, men gjennomført av skulane.

Bakgrunn: Sund, Fjell og Øygarden blei i 2020 slått saman til Øygarden kommune. Vi er ein langstrakt kystkommune med ca 40 000 menneskje, tre innbyggartorg med bibliotek, og ca 3000 barneskule-elevar fordelt på 17 barneskular. Det er utfordrande å skape ein ny og felles identitet langs heile den langstrakte kommunen, og vi håpar at eit kommunalt leseprosjekt skal kunne gje den komande generasjonen ei fellesskapskjensle for heile kommunen.

Kommunen har stort potensiale når det kjem til utvikling av lesedugleik. I tillegg ser vi i statistikken til folkebiblioteket at utlån for barn og unge har gått ned. Dette kan forklarast med nedskjæringar og kapasitet på folkebiblioteket, og er svært uheldig for barna i kommunen vår.

I samband med prosjektmidler frå UDIR 2021, har vi satt i gang eit omfattande prosjekt knytt til skulebibliotek, der vi mellom anna har ansett ein prosjekt-kordinator for skuleåret 2021/2022. Vi har i denne perioden utarbeida ein kommunal skulebibliokestandard, og signala er positive til at den vedtas politisk og av oppvekstsektor i kommunen. Vi har presentert prosjektet og måla våre for eit kommunalt utval, kalla "utval for tenester og levekår (UTL), som innstiller i saker til overordna politisk organ, og gjer vedtak i tråd med delegasjon. UTL handterer mellom anna arbeidet med "framtidens skule" i kommunen, og arbeidet med skulebibliotek som ein pedagogisk ressurs, blir slik vi har fått attendemelding om, ein del av dette arbeidet.

Kommunesammenslåing preger framleis kommunen vår, samstundes som det er no planar for den nye storkommunen vert lagt. At skulebibliotek-planen og samfunnsplanen til kommunen, har samme mål om å utjevne forskjeller, synes vi er et godt utgangspunkt for vidare arbeid og samarbeid. Målet med samfunnsplanen er at "Det er godt å veksa opp i Øygarden". I planen står det at kommunen skal arbeida systematisk for å sikra at alle barn og unge som veks opp i kommunen har like moglegheiter. Gjennom tidleg innsats i barnehage, barne- og ungdomsskule skal vi arbeida for at alle barn og unge i Øygarden er rusta til å gjennomføra eit utdanningsløp. Målet vårt med prosjektmidla frå UDIR er å skape eit likeverdige skulebibliotektilbod til alle elevane i kommunen.

Etter kvart som prosjektet har utvikla seg ser vi at vi ønskjer å få til eit partnerskap mellom folkebibliotek og oppvekst, og som ein del av dette tenkjer vi at utvikling av eit slikt kommunalt leseprosjekt vil styrke dette partnerskapet. Vi ser for oss at eit partnerskap er meir omfattande enn eit samarbeid, og vi meiner det kan føre til ny kunnskap hos begge partar. I eit partnerskap er det fokus på varige endringar, omfattande planlegging, utføring, evaluering og vidareutvikling av praksis.

Kommunale planar: Ein samarbeidsavtale mellom Oppvekst og Kultur blei inngått i mars 2021, og ein kommunal skulebibliotek-standard blir implementert på alle grunnskulane i kommunen hausten 2022.

Skulebibliotek-standard er eit førande dokument, som vi jobbar for at skal bli godkjend av Oppvekst og politikarane i kommunen. Standarden seier noko om korleis skulebibliotekarar og pedagogar skal kunne bruke skulebiblioteket aktivt i undervisninga for å nå måla i LK20, og er eit reiskap for å skape eit likeverdige tilbod til alle elevar i kommunen. Det er tydeleg formulert i standarden kven som har ansvar for kva, og gjev føringar for både det pedagogiske arbeidet, drift og budsjett.

Frå implementering til institusjonalisering: Implementering er berre første steg, for at endring skal skje. Målet vårt er at dette ikkje skal forbli eit prosjekt, men ein del av skulen, då blir skulebiblioteka berekraftige. For å kunne institusjonalisere må vi handle systematisk over tid, fyrst då blir det ein del av kvardagen til skulen og elevane. Vi trur at et partnerskap mellom skule og folkebibliotek er med på å ruste elevane for livet gjennom lesing, og vi ønskjer difor å starte skuleåret med eit felles leseprosjekt, for å vise veg og gje inspirasjon til vidare arbeid med lystlesing i skulen.

Korleis: Folkebiblioteket, i regi av skulebibliotek-koordinator og ein tiltenkt prosjektkoordinator, utarbeidar og formar prosjektet som vert sendt ut til alle skulane i kommunen, lærarane gjennomfører prosjektet. Kvar skule har ein leseprosjekt-ansvarleg, som held kontakten mellom folkebibliotek og skulen, her er det tiltenkt at det er skulebibliotekar som har denne rolla. Vi vil støtte oss på lokale samarbeidspartnarar for å skape eit heilheitleg prosjekt, og vi ser for oss å skape eit leseprosjekt som kan verte eit årleg prosjekt for folkebiblioteket og skulane i kommunen.

Det vil vera felles arrangement for skulane i løpet av prosjektperioden som vil gå over 14 dagar. Det er allereie organisert kommunikasjon med skulebibliotekarar via Currents i Google Suite, i tillegg har vi laga ei nettside der målet er å kommunisere ut informasjon til skulane. Vi ser for oss at desse digitale plattformane kan brukast til å formidle oppdrag og oppdateringar undervegs i leseprosjektet.

Kva skal ein slik modell innehalde: Vi vil starte prosjektet med ein kick-off før oppstart på Folkebiblioteket fordelt på dei tre ulike filialane i kommunen. På Folkebiblioteket blir elevane presentert for ulike bøker som dei kan låne med seg, og folkebiblioteket vil bistå med bokkassar som skulane kan låne i prosjektperioden. Det vil vere ei digital registrering av lesepoeng for kvar klasse, samt motiverande og kjekke oppdrag som skal gjennomførast etter ein poengskala.

Det vil bli utvikla eit rammeverk for korleis skulane kan gjennomføre framtidige lokale leseprosjekt, i form av malar for informasjon til heimane, kvifor lesing er viktig, og undervisningsopplegg knytt til leseprosessen.

Korleis kan prosjektet ha overføringsverdi til andre bibliotek? Vi tenkjer dette er høgst aktuelt for fleire bibliotek å setje i gong med eit slikt prosjekt.

Samanslåing av kommunar gjeld mange, og kan vere eit samlande tiltak, for å satse på både lesing og bibliotek. Det kan få skulane i kommunen til å satse på lokale leseprosjekt knytta til skulebiblioteket, og eit auka samarbeidet mellom folkebibliotek og oppvekst, kan føre til at fleire blir meir merksame biblioteket og tilboda deira